Vestland fylkeskommune

Mobilitet og kollektivtransport
MOK - Stab og forvaltning

Vår referanse 2020/54897-8
Dato 09.03.2021

Kommunane

ALVER
KOMMUNE
22 APR. 2021

Overføring av ansvar for arbeidskøyring av TT-brukarar frå fylkeskommunen til kommunane

Hordaland fylkeskommune har i mange år hatt ei ordning der TT-brukarar som hadde VTA-plass fekk dekka arbeidsreisa i tillegg til at dei fekk vanleg TT-kvote. Fylkeskommunen har lenge hatt ynskje om å avvikla denne ordninga, ettersom den ikkje er lovpålagt, og heller ikkje er lagt inn i råmeoverføringa frå staten. Dette fekk auka aktualitet når Hordaland og Sogn og Fjordane slo seg saman, og Sogn og Fjordane ikkje hadde denne ordninga.

Det er 13 av 43 kommunar i Vestland som har TT-brukarar som er godkjent for arbeidskøyring. Per no er det 175 brukarar som med i ordninga. Oversikt over tal brukarar i den einskilde kommune fylgjer vedlagt. I 2020 nytta fylkeskommunen 7,5 mill kr nto til ordninga. I eit normalår har forbruket vore om lag 11 mill kr nto. Inkludert i dette ligg inntekter frå eigendel på kr 500 per månad (ved 5 dagar arbeidsveke, 400 kr ved 4 dagar osv).

I samband med budsjetthandsaminga for 2021 vedtok fylkestinget å vidareføra ordninga med arbeidskøyring for TT-brukarar med VTA-plass ut 2021. Fylkestinget peikar på at arbeidskøyringa er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Fylkestinget er difor opptekne av at tilbodet til denne gruppa vert vidareført av kommunane, og har bedt om at fylkesrådmannen fylgjer opp dette. Me ber difor om å få ei stadfesting frå kommunane om at de vil vidareføra arbeidsreisetilbodet i kommunal regi frå 1.1.2022.

Det praktiske arbeidet med overføring av brukarar vil me koma attende til. Brukarane vil framleis få ordinær TT-kvote, og dei som kvalifiserer for utvida statleg TT-kvote, vil få den i tillegg.

Med helsing

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Janne Dokken
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

112.2.
112#699:0677ccb8-f3af-4848-92d9-d08f3fd4a030:3